



Norconsult AS  
Kristin Thomassen, VA-seksjonen  
Postboks 626  
1303 SANDVIKA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1848 - 21/12545

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
24.02.2021

## Ferdigattest del av trase for overvatn, vatn og avløp - gbnr 188/116 Gjervik ytre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 264/21  
**Tiltakshavar:** Alver kommune  
**Ansvarleg søkjar:** Norconsult AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for trasé for overvatn, vatn og avløp på eigedom gbnr 188/116 jf. vedtak i historisk sak 18/3720 i tidlegare Lindås kommune, administrativt vedtak saknr.: 014/19 datert 08.01.2019.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.  
Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 08.01.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 23.02.2021 og supplert 24.02.2021.

### Skildring

Bygningstiltak:	Trasé for overvatn, vatn og avløp
Vatn og avløp	offentleg

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1848

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Eigedomsforvaltning			
Norconsult AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA

### **Mottakarar:**

Kristin Thomassen			
Norconsult AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA